



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	16.09.2019	117/19

Høyringsuttale frå Giske kommune på forslag til ny forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Innstilling:

Giske formannskap gir slik høyringsuttale til forslaget til ny forskrift:

- Giske kommune står midt i utfordrande og krevjande omstilling der vi allereie i dag har utfordringar med å tilby lovpålagde tenester og service til innbyggjarane våre. Gitt at det ikkje blir overført økonomiske midlar til å finansiere meirarbeidet som blir liggande til kommunen ved overføring av ansvaret for denne ordninga, så stiller Giske formannskap seg kritiske til om Giske kommune i det heile har finansielle og personalmessige ressursar til å ta på seg dette arbeidet.
- Gitt at vi får økonomisk kompensert tilsvarande det meirarbeidet dette medfører, så stiller Giske formannskap seg positive til å overta desse oppgåvene.
- Det er ein føresetnad at vi får tilgang til kompetanse og ressursar frå regionalt nivå gjennom Fylkesmann og fylkeskommune.

16.09.2019 Giske formannskap

Forslag frå ordførar Harry Valderhaug (KrF):

"*Giske formannskap gir slik høyringsuttale til forslaget til ny forskrift:*

- *Giske formannskap seg positive til å overta desse oppgåvene, gitt at vi får økonomisk kompensert tilsvarande det meirarbeidet dette medfører.*
- *Det er ein føresetnad at vi får tilgang til kompetanse og ressursar frå regionalt nivå gjennom Fylkesmann og fylkeskommune. "*

Ved alternativ votering vart forslaget frå Harry Valderhaug vedtatt med 6 mot 1 røyst (TLG).

Mindretalet røysta for innstillinga.

F- 117/19 Vedtak:

Giske formannskap gir slik høringsuttale til forslaget til ny forskrift:

- Giske formannskap seg positive til å overta desse oppgåvene, gitt ata vi får økonomisk kompensert tilsvarende det meirarbeidet dette medfører.
- Det er ein føresetnad at vi får tilgang til kompetanse og ressursar frå regionalt nivå gjennom Fylkesmann og fylkeskommune.

Vedlegg:

Høringsbrev - Forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte ku(1)

Høringsnotat - UKL og verdensarv

Saksutgreiing:

Utvalde kulturlandskap i jordbrukslandskapet (heretter UKL) er ei tverrfagleg satsing / ordning organisert som eit spleislag mellom landbruksmynde og miljømynde. Sentralt er samarbeidet mellom Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren (heretter kalla direktorata). På fylkesnivå er fylkesmannen si landbruksavdeling tillagt rolla som koordinator og tilskotsforvaltar på vegne av staten. Dei samarbeider med fylkesmannen si miljøvernnavdeling og regional kulturminneforvaltning. Kommunen har ei sentral rolle som tilretteleggar og kontaktpunkt.

Ordninga vart vedtatt i 2009, og er ei frivillig ordning. Alnes som er eitt av 45 slike område i heile landet, kom inn i ordninga i 2017 etter søknad frå lokalmiljøet.

UKL er ei tilskotsordning for å ivareta eit representativt utval av verdifulle norske jordbrukslandskap. Føremålet med tilskot til tiltak i UKL er å bidra til å sikre verdiar knytt til biologisk mangfold, landskap, kulturminne og kulturmiljø, herunder sikre langsiktig skjøtsel og drift. Ordninga inneber tilgang til økonomiske tilskott og faglege ressursar på lokalt og regionale nivå (kultur, landbruk, miljø) for å ivareta kulturlandskapet. Det ligg ingen fredinger knytt til dette, men dei offentlege verkemidla innan plan- og bygningslova og andre planverktøy skal brukast som vanleg.

Stortinget har vedtatt at ansvaret for forvaltninga kan overførast frå regionalt forvaltningsnivå og til kommunane. Dette er bakgrunn for den nye forskriftena som vi no har fått på høyring med høyringsfrist 16.09. Denne saksutgreiinga blir oversendt innan fristen, og så ettersender vi formannskapet sin uttale. Den nye forskriftena tek til å gjeld frå 01.01.2020.

Ny forskrift inneber i seg sjølv inga endring i føremålet med tilskotsordningane eller endring i type tiltak det kan søkast tilskot til. Aktuelle tilskotsmottakarar vil vere dei same som i dag.

I forslag til ny forskrift er kompetanse til å fatte vedtak flytta frå Fylkesmannen til kommunen. I tillegg inneheld forslaget nokre tekniske og språklege forbeteringar for å tydeleggjere innhaldet i forskriftena. I tillegg legg forslaget opp til nokre nye reguleringer, slik

som ny bestemming om prioriteringskriterie, og at kommunen skal lyse ut tilskot og fastsette vilkår for tilskot. Verkeområdet er uendra.

Av endringar som gir føringar for Giske kommune vil ein bl.a. peike på at:

- Kommunen skal lyse ut og tildele alle tildelte tilskottsmidlar.
- Ved tildeling av midlar til fellestiltak, så blir det no kommunen sjølv som må søkje og stå som prosjekteigar.
- Kommunen skal innhente nødvendig kunnskap om landbruk, natur og kulturminner før ein gjer vedtak om tildeling av tilskot.
- Tildeling skal bli gitt gjennom vedtak med heimel i forskrift (enkeltvedtak med klagerett).
- Ved behandling skal ein bruke Landbruksdirektoratet si løysing for søknads- og saksbehandling (Agros).
- Fylkesmannen blir klageinstans. Samtidig er det tenkt at Fylkesmannen skal behandle søknad frå kommunen dersom kommunen eig og / eller driftar eigedomen det søker støtte til.
- Forvaltninga er basert på frivillige privatrettslege avtalar med grunneigarar / brukarar.

I høyringsnotatet blir det hevdat at «De administrative og økonomiske konsekvensene av å overføre oppgaver til kommunene vurderes å være knyttet til kapasitet og kompetanse i kommunene. Mange kommuner har nødvendig kompetanse og rutine innen tilsvarende arbeid, og dels langt større oppgaver og ansvar for forvaltning av tilskuddsordninger. Samtidig vet vi (...) at kapasitet og kompetanse på kommunalt nivå er kritiske faktorer for å kunne forvalte tilskuddsordninger på en god måte.»

Heimelsgrunnlaget

- Forslag til ny forskrift om tilskott til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap.
- Forvaltningslov og offentlegheitslov.
- Plan- og bygningslov.
- Kulturminnelov.
- Naturmangfaldslov.
- Friluftslov.

- Jordlov.
- Forvaltningslov og offentleglov.

Økonomiske konsekvensar:

Det virker ikkje som det fyl med ekstra midlar til kommunen for å finansiere det meirarbeidet som blir overført. Dette har blitt grovt stipulert av Fylkesmannen til å utgjere ei 15 – 20 % stilling innanfor gjeldande ordning.

Vurdering:

Giske kommune står midt i utfordrande og krevjande omstilling der vi allereie i dag har utfordringar med å tilby lovpålagde tenester og service til innbyggjarane våre. Med fleirårig ROBEK-status og bl.a. svært høg lånegjeld (gjeldsgrad på 145 % mot anbefalt 70 %), er handlingsromet vårt minimalt til å ta på oss nye oppgåver. Skal dette vere muleg i det heile tatt, meiner rådmannen at vi må få fullfinansiert det dette meirarbeidet vil pådra Giske kommune av personalmessige og økonomiske utlegg.

Vi har p.t. ikkje tatt stilling til korleis kommunen ev vil organisere desse nye oppgåvene. I dag er det einingsleiar miljø og kultur som er kontaktperson i kommunen. I mange kommunar er det landbruk som har ei koordinerande rolle, ref Landbruksdirektoratet som eitt av to nasjonale direktorat. Gitt slik organisering i Giske, vil vi måtte kjøpe fleire landbrukstenester frå nye Ålesund.

Parter:

Landbruksdirektoratet